

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Fylke: Hedmark.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Elverum.

Emne: Helsing, fakter og åtferder.

Bygdelag: Bjølset

grenda.

Oppskr. av: Olav Furuset.

Gard: Bjølset skule.

(adresse): Jømna st.

G.nr. 1.

Br.nr. 17.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Det meste.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Fhv. Lærar Olav Furuset, 69 år. Jømna st.
Hesmor Oleana Furuset, 64 år. Jømna st.

SVAR

1. Når folk skal uttrykkje ja eller nei gjer ein det med hovudet.

Ja, eit eller fleire nikk etter kor grundig ein vil syne det. Nei syner ein ved å riste på hovudet.

2. Det er slutt for lenge sia med at ein helser til alle ein møter. Eg er fødd i 1918, men kan ikkje hugse at det har vore brukt. Men for gamalt skal det ha vore det gjengse å helse til dei ein møtte, sjøl om ein ikkje kjende kvarandre.

I meir avsidesliggende grender kan ein ennå sjå folk helser til ein, sjøl om det er ukjende dei møter. Slik kunne ein sjå det i somme grender i skogbygdene i Elverum og Løten like til for noen år attende. Ja, det er vel dei som gjer det ennå. Men eg synes bestemt at det ser ut til at det å helse til vilt framande har vorte meir slutt på slike stader og dei siste 8-10 åra.

3. Det var god folkeskikk at dei yngre helste først.

Likeins skulle karane helse først på kvinnene.

4. Var det midt på dagen sa dei "God dag" eller ein brukte den helsinga som høvde for dagsleitet. Så kunne det bli tale om å seie "Takk for sist" om dei to hadde vore saman i ein eller annan festleg samkome ~~nytt~~

nyleg. Hadde den eine vore gjest hos den andre, var det han(ho) som gjest hadde vore som skulle seie takk for sist. Den andre kunne seie "Takk, det sama att". Var det i jula eller i nyårshelga sa ein god jul eller gødt nytt-år. Var det ~~ikk~~ folk ein ikkje hadde sett på ei tid tok dei kvarandre i hendene, ellers ikkje sjølsagt.

5. Møtte bygdefolk presten tok dei av seg hatten eller huva. Det er kanskje rettare å seie at dei løfta på hovudplagget. Ellers er det sjeldan at bygdefolk tek av seg hovudplagget til helsing seg imillom. Kvinnene neide "nidde seg" som dei sa her, når dei møtte presten eller andre høge personer.

6. Tala folk ved høge embetsmenn kunne dei ta av seg hatten, men det er ikkje noen sikker tradisjon om dette. Ole Bjølseth fortalde meg eit sagn frå siste del av unionstida med Danmark som gir eit lite innsyn i korleis folk helsa kongen. Ein av danskekongane var på ferd gjennom bygda, og folk frå Heradsbygda var møtt opp for å helsa kongen. Millom dei var ein son frå Engemoen i Bjørsetgrenda som hadde fare til sjøs i fleire år. Folk tok av seg hovudplagga da kongen kom, men han frå Engemoen stod med hatten på og lest ikkje vari det grann. Dette såg vel kongen og kom bortåt han. "Hva er det for slags hatt som er så tung at du ikke kan løfte den av?" spurde kongen. "Den er kommen frå China der kongen itte har vøri", svara ~~Engemokaren~~ Engemokaren kaut.

7. Møttesfolk helgekledde i lag eller fest handhelsa dei på kvarandre sjøl om dei ellers kunne sjå kvarandre kvar dag. Denne skikken held ein ennå på .

8. Først og framst handhelste folk på kvarandre når dei kom på vitjing. Da handhelsa ein først på husets folk like til den minste. Sia handhelsa ein på dei andre

gjestane. Ellers handhelsa ein på folk ein møtte som hadde vore lenge borte frå grenda. Var det ein som nettopp hadde hatt sorg, ein i familien var daud, ~~ka~~ handtokes dei. Det brukes ennå, og ein seier gjerne "Kondolerer". Den andre svarar "takk". Det med å seie Kondolerer er noe som vanlege bygdefolk har byrja med først dei 30 siste åra.

9. Dette med å klappa kvarandre ~~xxx~~ på oksla som uttrykk for venskap eller glede kan ein ikkje seie er svært mye brukt. Ein ser det helst brukt av dei som har fått litt for mye i toppen. Men det sleng da noen som bruker det ellers og. Eg har inntrykk av at folk flest held det for jaleri.

10. I Gravberget i Valer, grannebygda til Elverum, brukte ein så seint som i 1880 åra å ta av seg hovudplagget når dei hørde kyrkjeklokkene, fortalde Alfred Olastuen. Mor hans hadde lærd han det, og heldt ~~starkt~~ strengt på skikken.

11. Møtte folk ei likferd gjekk dei tilside og tok av seg hatten eller luva. Kvinnene tok sjølsagt ikkje av hovudplagget.

12. Så vidt eg har funne ut er det ingen som lenger hugser at ein helsa på visse ting eller dyr.

13. Godmorn kunne dei seie frå ein stod opp til omkr. dugurdsleitet (kl. 8 eller 9). Sia sa ein goddag ut over til eftasverd ved 4 tida. Dei som var nøye kunne så seie godefta til ved 6-7 tida. Da var det godkveld som var helsinga. Godnatt brukte dei helst som avskils helsing når dei gjekk frå kvarandre litt seint på kvelden.

14. Nå ser ein det neppe som usømleg å bruke ei helsing som ikkje høver til tida.

Før var ein meir nøye med dette.

15. "Det er itte måran nå", kunne somme seie hvis ein kom til å seie godmorn midt på dagen t.d. Somme som var vriene i kjeften kunne svara slik når noen sa "morn" i utid: ~~Mar~~ Mar'n sjøl. (Mål han sjøl) I dialekten kan dette høres likt som ein seier "mål 'n" (mål Han).

16. I dag er ein ikkje så nøye med dette. Eg trur at dei bruker ~~mårn~~ "mårn" mest heile døgnet. Ingen finn det usømleg. Iallefall er det ikkje mange som snakker på det. Ein del, kanskje dei fleste, seier "god aften" eller berre "aften" om kvelden. Noen få er det som ennå bruker det eldre "godmorn", "god dag" eller "god kveld". God natt er ennå brukt som avskilshelsing om kvelden eller natta.

Denne lettvinde helsinga "morn" kan eg seie har kommen meir og meir i bruk frå 1920 åra.

17. Ein brukte å helse med orda: "Guds fred", "signe maten", "signe arbeidet", "Signe strevet", "signe kvila" og "signe laget".

18. Somme kunne seie: "Signe spisen", når ein kom inn der folk fekk seg mat. Det har eg hørd ein del brukt. Folket svara "takk" når noen helsa på det viset som er nevnt her og i det førre spørsmålet.

19. Nei.

20. Ville ein tala ved husfaren aleine bad ein han fylgje seg ut etter at ein hadde helsa på vanleg vis. Men mange satt gjerne lenge innan dei bar fram ærendet sitt. Det var ikkje høfleg å koma med ærendet med det same. Først i dei siste 20 åra kan ein seie at folk her i Heradsbygda meir har gått frå denne skikken, og bruker meir "amerikansk tempo".

Når den framande bad husfaren fylgje seg ut kunne ofte

Husfaren heller foreslå at dei skulle gå ut i ei stx stove eller eit kammer i sjølve huset. Men var det x folk han ikkje kjende eller ikkje vyrde så mye , var t han med ut slik dei bad.

21. Ein brukte, og bruker framleis, støtt å banke på døra ~~max~~ før ein skal gå inn. Det er rekna som ei riktig stor uhøflegheit ikkje å gjera det.

22. Banka det på døra, svara dei inne : "Kom". Den ~~frx~~ framande venta med å ta i dørlinka til dette ordet kom. Så gjekk han inn, tok av seg lua eller hatten x og lukte døra bak seg. Så helsa han.

23. God folke skikk tilaa at ein vart ståande ved døra til dei inne bad han gå frampå.

Var ein sikker på at det var ein som dei kjende god t kunne dei seie for gap: "Klyv over døra". Mange artige strofer er fortald frå stader der ein har svara slik og så har det vore sjølveste presten eller lensmann som steig inn. Ja , somme kunne til og med ha moro av å narra andre til å svara slik når det var ein meir fornem gjest som kom.

24. Ein skulle straks ta av seg hatten eller huva når ein kom inn til folk.

25. "Du får sjå tel å få sitta", eller "Du får gå in innpå!" "Du får setta deg" eller visst det var ein framand y: "Du får versegod setta deg".

26. Ein var alltid meir høfleg når det var framande og finare folk som steig inn.

27. Den framande helste først og baud fram nevan. Noe serleg anna enn nevahelsing og "gøddag" var det ~~xjx~~ sjeldan. Husfaren kunne seie velkommen til gards om det var ein slik gjest at det høvde å seie det.

28. For gamalt var det syn for stor vørndnad at husmora tørka av stolen før gjesten sette seg.

Derimot var det ikkje så bra om husmora skunda seg å tørka av stolen etter at ein framand hadde gatt. Det hende det og, helst om det var ein fant eller ei tiggarkjerring som hadde sete der.

29. Korleis vart innbedne gjester helsa velkomne?

Ein møtte dei i gangen og handhelsa og sa: Velkommen til gards. Så bad ein dei inn i storstua etter at dei hadde hengt frå seg yterkleda.

30. Når folk gjekk frå ~~xxx~~ kvarandre ved kvardags vitjinger

sa dei gjerne: "Du får ha godmorn" eller "Du får ha godnatt". Ei tid var det mange som sa "adjø" når dei gikk .

Eg hugser at vi born brukte det mye i 1930 åra. Dei som var att i huset svara gjerne ~~xxx~~ slik: "Ja, godmorn". ~~xxx~~ "Ja, god natt" eller "Adjø ,da".

31 Skulle ein helse ved avskil brukte dei gjerne å seie det slik: "Du får stå på deg bra, og sjå deg vel føre", og den som skulle reise svara : "Takk , det samma", eller "Ha det bra og stå på døkk bra dø au". Mange bruker og brukte å seie "Fervel" til ein som reiser bort for lengere tid.

b) Tok ein avskil, som kanskje var den siste, brukte foreldra seie til borna: "Så får dø ha Gud før aua, og sjå døkk vel føre".

I Øvre Rendal hadde ein for vel 100 år sia den skikken å seie "God natt" når ein tok avskil med ein som skulle døy.

32 .Det var ikkje skikk å bruke kyss som velkomst eller avskilshilsen. Det var berre dei "kondisjonerte" i bygda som brukte det. Far , Olai Furuset, f. 1883, hugser som ein drøm at han stod å såg på Bjørnstjerne Bjørnson kom til lensmann Nilssen på besøk. ~~han sette fram~~ ^{Bjørnson vendte} kinnnet slik at fru Nilssen kunne få gi et velkomst-kyss. Far var berre

7

6 -7 år gamal den gong. Men han fortel at han syntes det var ein merkeleg helsemåte. (Fru lensmann Nilse-
-sen var av Tofte-slekta, og såleis i slekt med Bjørnson.).

Bestemor, Oline Bråten f. 1849, var tenestgjente hos distriksleke Paveles Munthe omkr. 1870. Ho tykte det var så lekt å sjå på dei store gutta (Gerhard Munthe bl.a.) kyste mor ~~og far~~ si når dei kom ~~høi~~ heim til ferier o.l. Ho var ikkje vant med å sjå ~~si~~ slikt.

33. 34. 35. 36. 37 . er ting som er ukjendt her.

38. Det å kysse småborn er heller ikkje vanleg her.

39. Skulle ein vaksen gni nasan mot nasan på ~~småborn~~ småborn spurde dei om dei skulle bryne nasa.

40. Det kunne vera kven som helst som brynte nasa med ein unge dei skulle gjera seg til for eller more litt.

41. "Å stela nasa " er noe ein bruker å narra småborna med. Ein kneip nasen til ungen millom peke og langfingeren og rykte ^{handa} til seg. Samstundes passa ein på å stikke tommelfingeren fram millom desse to fingrane og seie "Nå har je tii nasan din. Her er 'n".

42. Ukjendt.

43. Millom born og foreldre og millom andre vaksne og born kunne det det bli brukt å legge kjake mot kjake som kjarteiken. Det vart kalt å gi gokjeka.

44. Uttrykket "til lukke" kan bli brukt når ein vil lukkeønske ein med ein handel t.d. Men ellers ser det ut som "gratulerer" blir brukt i alle slike høve og.

45. Til jol sa ein "Go jul" Til nyttår: "Gødt nyttår" Til påske: "Go påske".

Ved barnefødsler, truloving og brudlaup sa ein berre gratulerer. Før sa mange rett og slett "gratlerer".

46. For gamalt hadde dei visst ikkje noe serskildt ord eller ~~ordkinnar~~ ordfraser dei brukte. Dei tok berre dei pårørende stille i handa, og dei som var litt mer til å tala for seg kunne seie noe om at "det var følt hør fort det gikk med 'n Jon", t.d. Var det ein eller ei som hadde lege lenge sjuk kunne au somme seie: Det var full best slik", eller noe i denne lei. Det hørde gjerne med å seie noen pene ord om den avlidene når ein helsa på dei nærmaste.

Nå bruker ein mye å seie "kondlerer". Men det er vel ikkje meir enⁿ omlag 20 år dette har vore vanleg. Mor fortel kor jålet ho tykte dette hørdes første gong ho hørde det brukt. Det var ei som kom heim til eit gravøl frå byen. Der hadde ho vel lærd det.

48. Å takka ut, som det står i spørrelista, veit ein visst ikkje kva er her. Det har lenge vore slik at prest-en eller læraren heldt tale ~~ø~~ ved kista der han takka den avlidne fra huslyden og andre venner. Det kunne vera i huset eller ved grava. Før helst i huset.

49. Skulle ein uttrykke vanvyrndad for ein annan var det ymse måter å gjøra det på. Somme kvinner klappe seg på enden til den som forakten gjekk utover. Somme var ikkje skvættne for å dra opp stakken heller. Det var det største vitnemål for ringakt ein kunne gi. Ellers var det brukbart å skjære ansikter og å jepe stygt og.

50. Det er neppe før i dei siste 20-25 år folk her på bygda har tatt til å seie De til embetsmenn eller folk som ein meiner har krav på meir vyrndad.

51. Ukjendt her.

Da Kristen Hornberg f. 1866, gjekk på skulen var det strengt med at elevane skulle ta av seg lua og gå bort til læraren og handhelse ~~på han~~ når dei møtte han på stader der det var mange folk samla. Var det auktion på ~~et~~ ein plass og dei fekk sjå lærar Halvorsen der, måtte borna fram og handhelse på han sjøl om dei hadde helsa på han før om dagen.